

Valstyret i Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10

5470 Rosendal

Krins	Rode	Side	Linje
0002	01	12	9
Fødselsår	Kommunetr.	Nummer i manntalet	
1954	1224		
Namn			

122400118315

Mottakar:
5463 USKEDALEN

Husk legitimasjon!

Opningstider på valdagen:
13.09.2015 Kl. 12.00 - 16.00
14.09.2015 Kl. 10.00 - 19.00

Vallokale på valdagen er:
Rosendal-Gymsalen
5470 Rosendal

Dato _____ Signatur til stemmemottakar _____

Riv av valkortet i perforerings og ta det med til vallokalet

Antal røystestadar ved valet 2015 er ein aktuell og viktig debatt. I kommunestyremøtet i januar eller februar vart det gjort endeleg vedtak på organisering av val 2015, og Sp ved underteikna var den einaste som stilte spørsmål ved antal røystestadar for valet denne hausten. Eg ser på Uskedalen.no i dag at Ordførar seier det for seint med omkamp. Og det var tilsvarande kommentar eg fekk av andre i kommunestyret: *Du skal vel ikkje prøva deg på omkamp!? Det er for seint*

Eg trur at dei fleste av oss rimeleg lett og utan for mykje tidsbruk kan nå dei nye røystestadane. Men vi har ein flott kommune med mange krinklar og krokar som kan gjere det vanskeleg for nokre å nå fram til røystestadane ved rimeleg tidsbruk. Det bekymrar meg. Det er ikkje alle som har bil. Eller kan lett få skyss av andre. Kollektivtrafikken er heller ikkje så hyppig alle stadar. For nokre kan det verte som ei dagsreise, og røystinga kan bli vanskeleg å få til. Eg er redd at ein del av dei med røysterett, som tidlegare har hatt gode ordningar for å nå sin nære røystestad, kanskje vel å ikkje røyste.

Så når eg les om dei som tenkjer på å boikotte valet, så tenkjer eg: For all del, røyst! Å gjere deomkratiet vanskeleg tilgjengeleg er eit maktgrep. Pass på at dei du røyster på ivaretek demokratiet, og ta kontakt med dei folkevalde etterpå og fortel kvifor du røysta på dei, og kva forventningar du har til jobben dei skal gjere. Du som veljar har ufatteleg makt, om du røystar. - Og ta med deg naboen på vegen til røystestaden!

Venleg helsing Elin Legland

Nett og foto: Thor Inge Døssland